

## Leiar

### Ikkje lojalt å halde kjeft

I samband med prosessen rundt eventuell kommunesamanslåing i Midt-Telemark prøver Bø blad å kaste lys over ulike problemstillingar, samt sjå på fordelar og ulemper ved ei kommunesamanslåing. Det er ikkje bare lett ettersom mykje av det overordna fortsatt er i det blå, og svara frå regjeringa fortsatt er svært ulne når det gjeld ulike konsekvensar av ei samanslåing.

Journalistane prøver derfor mellom anna å snakke med fagfolk og einingar som kan ha tankar om eit eventuelt større samarbeid – til dømes kommunale etatar. Slik kan innbyggjarane, som stort sett ønskjer mest muleg informasjon, få meir bakgrunnskunnskap før dei skal ta stilling til om dei skal stemme ja eller nei til ei samanslåing.

I ein prosess der det bør vere stor openheit og rom for tvil og spørsmål er det derfor både spesielt og litt oppsiktsvekkande at rådmennene i Nome og Sauherad går så langt som å nekte sine kultursjefar å snakke om fordelar og ulemper med kommunesamanslåing for denne eininga. Dei gjev rett og slett munnkorg til sine tilsette, trass i at det etatssjefane blir spurt om langt frå er kontroversielle spørsmål, men av fagleg art. Kultursjefane uttalte seg dessutan på bakgrunn av ei intensjonsavtale som politikarane har blitt einige om å leggje fram for innbyggjarane.


Kor grensene for tilsettes yringsfridom i kommunal forvaltning skal gå har lenge vore eit diskusjonstema - og usikkerheita er stor. Det viser mengda klagesaker, som har avdekkja ei rekkje kommunale reglement som set ulovlege grenser for kommunalt tilsettes eigen yringsfridom, ifølgje Kommunal Rapport.

Det er ei misforstått oppfatning at dei tilsette skal gå tenesteveg før dei uttaler seg til media, sjølv om dei uttaler seg på eigne vegner. Og det er stor forskjell på lojalitetsplikt overfor arbeidsgjevar og den tilsettes rett til å uttale seg og varsle om til dømes kritikkverdige forhold. Det er ikkje nødvendigvis lojalt å halde kjeft, og det er det viktig at særleg rådmenn forstår og har eit bevisst forhold til. Dei sit på svært mykje makt, og den skal dei bruke med stor forstand.

Takhøgde i ein kvar organisasjon er viktig, og openheit som verkemiddel gjev i dei fleste tilfella betre og grundigare avgjersler. I kommunane er dette særskilt viktig fordi så mange viktige avgjersler for innbyggjarane blir tatt her. At tilsette ytrar seg fritt burde vere eit mål i seg sjølv for å sikre forståing av konsekvensar og medverknad når ein skal avgjere noko. Tilsette som til dømes er fagleg ueinige med rådmannen i ei sak bør heilt klart få seie dette offentleg.

I vår sak, der me stiller spørsmål om kommunesamanslåing vil vere ein fordel eller ulempe for kulturetatane i Midt-Telemark, burde det vere sjølvstøtt at dei som kan mest om fagfeltet er med og løftar debatten og informasjonsflyten ut til innbyggjarane. Det handlar om å gjere flest muleg rik på informasjon. Heldigvis har rådmannen i Bø forstått dette. Dessverre har rådmennene i Nome og Sauherad ikkje gjort det.

*Hilde Eika Nesje*  
Hilde Eika Nesje  
Ansvarleg redaktør



Fasade mot sør. Biltema sitt bygg på 3.000 kvadratmeter blir langs vegen mellom bygget til Carlsen Fritzøe og Grivi Studer.

# – Stor dag fo

**Bø Handelspark har landa nok ein storfisk. Biltema opnar i stort nybygg neste haust. Satsinga er på gode 80 millionar kroner.**

*Øystein Akselberg*

*oystein@boblad.no - tlf 906 38 453*

Det har ei stund ligge i korta, men nå er kontrakten signert. Biltema etablerer seg med butikk i Bø Handelspark på Gri- vjordet i Bø. Dette er ei storsatsing og nok ei fjør i hatten

både til Bø Handelspark, men også til Bø kommune og Bø som handelssentrum i regionen. Tysdag var leiinga i Biltema Noreg på prosjektmøte i Bø og møtte lokalpressa med eit stort smil rundt munnen.

Ringverknadane av ei slik storsatsing med ein av landets store kjedebutikkar på plass er enorme for heile Midt-Telemarkregionen.

#### Storsatsing

Dagleg leiar i Bø Handelspark legg ikkje skjul på at det er ein stor dag for handelsparken når avtalen med Biltema endeleg er

på plass.

– Det er ei storsatsing for oss og det var jubel da kontrakten var i hamn, seier Verpe, og legg til at satsinga inneber 60 millionar kroner i investeringar til bygg i tillegg til 20 millionar kroner i innvendig innreing.

#### Ti års kontrakt

Biltema inngår på si side ei leigevtale på ti år. Bygget er på 3.000 kvadratmeter, som er litt større enn det Carlsen Fritzøe tok i bruk i februar. Fortsatt er 14.000 kvadratmeter ledig i handelsparken.

– Med Biltema på plass vil

 **Bøblad**

31. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2015: 2542  
Medlem i Landslaget for lokalviser (LLA)

#### Adresse:

Postboks 104, 3833 Bø i Telemark  
Besøksadresse: Bøgata 69  
Tlf. 35 95 19 45  
mob. 406 24 528  
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

[www.boblad.no](http://www.boblad.no)  
pdf versjon: [buyandread.com](http://buyandread.com)



**Redaktør/dagleg leiar:**  
Hilde Eika Nesje  
947 89 450  
[redaksjon@boblad.no](mailto:redaksjon@boblad.no)



**Journalist:**  
Øystein Akselberg  
906 38 453  
[oystein@boblad.no](mailto:oystein@boblad.no)



**Journalist:**  
Marta Kjøllesdal  
976 88 692  
[marta@boblad.no](mailto:marta@boblad.no)



**Journalist:**  
Gro B. Røiland  
930 22 398  
[gro@boblad.no](mailto:gro@boblad.no)



**Salsansvarleg:**  
Rune Digranes Bøen  
950 85 949  
[marked@boblad.no](mailto:marked@boblad.no)



**Grafikar/annonse:**  
Dag Einar Hvitsand  
911 52 320  
[grafisk@boblad.no](mailto:grafisk@boblad.no)



**Avismedarbeidar:**  
Synnøve Sudbø Kleppe  
35 95 19 45  
[annonse@boblad.no](mailto:annonse@boblad.no)

#### Frilansarar:

Glenn Isaksen  
Jon Bjones  
Eline Nesje

**Avfotografering eller gjenbruk** av stoff, bilete og annonsar utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt. Bø blad forbeheld seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

#### Abonnementsprisar:

Halvår kr 580,- heilår kr 920,-  
Studentab. kr 580,-  
Tillegg utlandet.  
Bestill på sms: 406 24 528  
eller epost: [abonnement@boblad.no](mailto:abonnement@boblad.no)

#### Annonsefrist:

Måndag kl. 14  
**Større annonsar:**  
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.  
Utgjeve av Bø blad AS  
Org nr.: 842 831 032

Bankgiro: 2630 05 04360  
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

**PFU**

Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.  
Adresse: Rådhusgata 17,  
Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo.  
E-post: [pfu@presse.no](mailto:pfu@presse.no)  
Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55